

# Referat frå styremøte i Sunnfjord Kajakklubb 24.04.02

## Tilstades:

Rune Berge (leiar)

Terje Sæle (styremedlem)

Tove I. Bjørnseth (styremedlem)

Geir Alden (varastyremedlem)

Tore Gjelsvik (leiar for materialgruppa)

## Fråfall:

Laila Hjellvoll (nestleiar)

Terje Hanekam (kasserar)

Referent: Tove

### **Sak 1. Naustet**

Rune informerte om stoda så langt og korleis ein tenker seg gangen i det vidare arbeidet med naustet. Vi må belage oss på mykje dugnad. Kommunen låner oss maskin så vi kan grave ut plass til steinar som bygget skal stå på. Geir undersøker med Vegvesenet om å få låne hjullastar. Tore og Rune er ansvarleg for materialfolvaltinga og Terje S. prøver å få med seg folk til røysinga av bygget. Det er viktig at dugnaden også har ein sosial vinkling. Dette skal vere kjekt!!!

Det er inngått avtale med kommunen og båtklubben, men det er komme ei klage frå naboen i vest (asfaltverket) slik at vi blir nødt til å trekke bygget nokre meter tilbake. Tore må difor også ha ei ny runde med båtklubben.

Det blei snakka litt om økonomi og kva kostnader det var viktig å få med på budsjettet.

Naustet vert godkjent som idrettsbygg slik at vi får tippemiddlar. Dette tilsvarar 30 % av byggesummen. Byggeplanen og foreløpig budsjett skal godkjennast av kulturkontoret.

### **Sak 2. Kajakkbasen**

Det vart drøfta kva slags samarbeidsavtale SKK skal ha med FYK når det gjeld kajakkbasen. FYK (Jon Olav Leira) har utarbeida forslag til avtale, men denne er ikkje god nok. Rune har utarbeida ei avtale på vegne av SKK og denne blei gjennomgått, men vi blei einige om å tenkje oss nøye om før vi utarbeida eit endeleg forslag til avtale.

### **Sak 3. Turprogam**

Turgruppa i SKK har utarbeida forslag til turar i 2002.

10.-12. mai: Runde (evt. Geiranger)

7.-9. juni: Geirangerfjorden

12.-14. juli: Kalvåg

16.-18. august: Bulandet

6.-8. september: denne helga er ledig for forslag

Styret vurderte tidlegare oppslutnad om turar i juli til å vere så dårleg av det blei bestemt å avlyse julituren. Turen til Kalvåg kan evt takast 7.-9. juni dersom turen til Geirangerfjorden blir teken 10.-12. mai, eller vi kan reise til Kalvåg 6.-8. september.

### **Sak 4. Info om kurs og heimesida.**

Det vert to nybyrjarkurs i havkajakpadling denne våren. 3.-5. mai og 24.-26. mai. Dette blir dei einaste kursa i år.

Heimesida: Dårleg med oppdatering på heimesida, men det skal bli betre. Roald er leiar i gruppa som skal jobbe med heimesida.

